

Styremøte SFSG 22.2.18 Thon Hotell Jølster

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Thomas Manseth Bjørhovde og Solgun Haugen
Geir Ole Ervik (ordfører årsmøte) deltok på deler av møte
Ikkje tilstades: Jostein Flatland, Odd-Jarle Øvreås

Sak 14/18. Førbuing av fylkesårsmøte og påfølgjande fagdag

Geir Ole Ervik var med på planlegginga av årsmøte, men ikkje fagdagen.

Det vart ringt til dei lokallaga som hadde meldt på utsendingar men ikkje levert årsrapport, då laget ikkje har stemmerett vist ikkje årsrapporten er innlevert.

Fordelte arbeidsoppgåver på styremedlemmane under årsmøte. Kven gjer kva under dei ulike sakene. Kven sit å registerer folk når dei kjem. Kven sit framme i lag med ordfører.

Det er viktig å markera kvar gjester/ikkje stemmeberettiga skal sitte slik at desse vert samla på ein plass.

Dei som skriv under møteboka saman med ordfører bør vera nokon som overnattar. Styret hadde forslag på to personar i tilfelle det ikkje kom forslag frå salen.

Teljekorps vert valgt blant dei som ikkje er utsendingar/stemmeberettiga.

Uttale frå lokallag måtte vera sendt styret SFSG innan 20.februar, og det er ikkje kome nokon. Det stod informasjon om dette i siste medleminfo. Det burde gjerna stått på invitasjonen òg.

Det er ikkje kome inn saker til årsmøte.

Planlegging årsmøtemiddag;

Sette opp rekkefølga/agenda for årsmøtemiddagen og fordelte arbeidsoppgåver. Kven deler ut kva når.

Arne M. Sølvberg frå Stryn Sau og Geit er "toastmaster".

Alle tidlegare leiarar som kjem får ein kniv. Alle som deltek på årsmøte middagen får eit termokrus.

Sak 15/18. Jordbrukstingingane

Gjekk gjennom endeleg forslag til uttale jordbrukstingingane inkl utrekning frå Jostein ang beitetilskotet.

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599